



Arkivnr: 2014/22591-65

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Stein Ottosen, Roald Landøy

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.04.2015

Statsbudsjettet 2015 kap 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø i Hordaland

Samandrag

Saka gjeld fordelinga av midlar frå Statsbudsjettet 2015, kap. 1429, post 71 til tiltak i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ser midlane som eit viktig verktøy for å gjennomføre den regionale kulturminnepolitikken. Ordinga i 2015 vart lyst ut av Hordaland fylkeskommune som søkte Riksantikvaren om midlar frå Klima- og Miljøverndepartementet til vidare fordeling i Hordaland. I 2015 fekk Hordaland fylkeskommune ei tildeling på kr 8.000.000,- til post 71. I tillegg står det at rentemidlar og midlar som er omdisponert. Det vert også gitt førehandstilsegn for 2016 på kr 3.000.000,-.

Poststrukturen på i Klima- og Miljødepartementet budsjett, kapittel 1429 Riksantikvaren, vart endra i 2014. Post 71 *Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap* omfattar tidligare post 72.2 vern og sikring av freda bygningar i privat eige, 72.4 kystkultur og 72.5 kulturlandskap. Tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til *Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige*.

Post 73.

Når det gjeld post 73, tiltak til brannsikring, vil desse i 2015 vert fordelt av Riksantikvaren. Hordaland fylkeskommune har difor oversendt søknadene til Riksantikvaren. Dei er i vedtaket merka med «sendt RA».

Det er ein føresetnad at dei bygningane som får midlar er registrerte i databasen Askeladden, og at tilstandsgraden til bygningane vert lagt inn i databasen **før** arbeidet tek til.

Ordinær løyving for 2015 er kr 8.000.000,-. Omdisponert frå tidlegare år er kr 602.500,-, medan rentemidlar frå inneståande midlar er kr 299.593,-, til fordeling kr 8.902.093,-. I tillegg vert det løvd førehandstilsegn på kr 3.000.000,- for 2016. Samla løyving ved denne tildelinga vert med dette kr 11.902.093,-.

Tilsegsbrevet gir Hordaland fylkeskommune høve til å setje av 5-10% til prosjektleiing. Det er sett av kr 555.000,- til dette, noko som utgjer litt over 6,9% av det samla beløpet for 2015.

Det er kome inn 48 søknader med ei samla søknadssum på 38.377.476 for 2015. Det er 11.902.093 til fordeling noko som utgjer 31% av den totale søknadsummen. 9 søknader får ikkje midlar, medan 4 søknader om brannsikringsmidlar er sendt over til Riksantikvaren. 35 søknader vert innvilga.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet fordeler kr. 11.902.093 til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap frå budsjettpost 400.650.07 slik:

			Tilsegn 2015	Førehands-tilsegn 2016
1	Bergen	Bergen Barneasyl	200 000	
2	Bergen	Bergen Barneasyl, brannsikring	sendt RA	
3	Bergen	Gamle Vossebanen - stasjonsbygningen	299 593	300 000
4	Bergen	Kjøttbasaren	avslag	
5	Bergen	Skuteviksboder 14-15	avslag	
6	Bergen	Slettebakken hovedgård	130 000	
7	Bergen	Reperbanen Sandviken	550 000	900 000
8	Bergen	St. Jørgen hospital, utbetring av piper	60 000	
9	Bergen	Sandviksboder 69	avslag	
10	Bergen	Lille Øvregate 7	70 000	
11	Bergen	St. Jørgen hospital, maling	avslag	
12	Bergen	Sandviksboder 19, brannsikring	sendt RA	
13	Bergen	Gamle Vossebanen – vognremisse, maling	60 000	
14	Bergen	Gamle Vossebanen – vognremisse, drenering	40 000	
15	Bergen	Hovudhuset på Store Fjøsanger	160 000	
16	Bergen	Reperbanen Fjøsanger, Gerd Meyer Bruun	500 000	700 000
17	Bergen	Christinegård	500 000	
18	Bergen	Kronstad hovedgård	602 500	900 000
19	Granvin	Grindløe, Ystås	75 000	
20	Granvin	Røykstove, Ystås	80 000	
21	Granvin	Glasstova, Ystås	5 000	
22	Granvin	Lemstove m eldhús, Ystås	5 000	
23	Hordaland	Prosjektmidler HFK	555 000	
24	Hordaland	Strakstiltak HFK	100 000	
25	Jondal	Jonatunet	avslag	
26	Jondal	Herand sag	23 000	
27	Jondal/ Ullensvang	Buførrevegen	200 000	
28	Kvinnherad	Fjellberg prestegard, brannsikring	sendt RA	
29	Kvinnherad	Fjellberg prestegard, restaureringstiltak	155 000	
30	Lindås	Lynghesenteret, skjøtselstiltak	570 000	
31	Odda	Odda smeltev.tomta smie	500 000	
32	Odda	Odda smeltev.tomta smie, brannsikring	sendt RA	
33	Osterøy	Havråtunet Semensløa	250 000	
34	Osterøy	Havråtunet Noreløa	avslag	
35	Osterøy	Havråtunet Olsaløa	avslag	
36	Osterøy	Havråtunet Litlaløa	avslag	
37	Osterøy	Havråtunet Smålandsløa	80 000	
38	Osterøy	Havråtunet Hevlestova	100 000	
39	Osterøy	Havråtunet, kisteveiter og drenering, Geir Sunndal	200 000	
40	Osterøy	Havråtunet, skjøtselstiltak Museumssenteret	1 730 000	
41	Osterøy	Havråtunet, skjøtselstiltak Geir Sunndal	310 000	

42	Ullensvang	Eldhus til Jostova	150 000	
43	Ullensvang	Nicolllhuset	100 000	
44	Ullensvang	Agatunet "Fedratun"	avslag	
45	Ullensvang	Brock huset	20 000	
46	Ullensvang	Munketrappene, del av Nordmannslepa	150 000	
47	Voss	Rekve Mylne	350 000	200 000
48	Voss	Botolvsloftet og Arnfinnsloftet	22 000	
49	Sum		8 902 093	3 000 000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Kultur – og ressursutvalet administrasjonen høve til å omfordеле midlane til eit anna av dei omsøkte tiltaka.
3. Kultur- og ressursutvalet gjev administrasjonen løyve til å fordele midlar til strakstiltak på kr 100.000,-.
4. Kultur- og ressursutvalet ber om at administrasjon legg fram ei eiga sak om dei nye retningslinene frå Riksantikvaren.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Omtale av søknadene
2. Exel-skjema med statistikk
3. Tildelingsbrev frå Riksantikvaren, dagsett 27.02.2015
4. Spesifisering av retningslinjer, brev frå Riksantikvaren, dagsett 13.03.2015
5. Retningslinjer og vilkår for tilskot statsbudsjettet kap 1429 post 71 – oppdatert 13.3.2015

Fylkesrådmannen, 26.03.2015

Saka gjeld fordelinga av midlar frå Statsbudsjettet 2015, kap. 1429, post 71 til tiltak i Hordaland.

Ordinær løyving for 2015 er kr 8.000.000,-. Omdisponert frå tidlegare år er kr 602.500,-, medan rentemidlar frå inneståande midlar er kr 299.593,- til fordeling kr 8.902.093,-. I tillegg vert det løyvd førehandstilsegn på kr 3.000.000,- for 2016. Samla løyving ved denne tildelinga vert med dette kr 11.902.093,-.

Tilsegnsbrevet gir Hordaland fylkeskommune høve til å setje av 5-10% til prosjektleing. Det er sett av kr 555.000,- til dette, noko som utgjer litt over 6,9% av det samla beløpet for 2015.

Det er kome inn 48 søknader med ei samla søknadssum på kr 38.377.476,- for 2015. Det er kr 11.902.093,- til fordeling noko som utgjer 31% av den totale søknadsummen. 9 søknader får ikkje midlar, medan 4 søknader om brannsikringsmidlar er sendt over til Riksantikvaren. 35 søknader vert innvilga.

Bakgrunn:

Statlege midlar frå kapittel 1429 i statsbudsjettet har i mange år vore eit viktig verkemiddel andsynes private eigarar av faste kulturminne i Hordaland og gjeve rammer for mange gode tiltak.

Riksantikvaren har ved fleire høve streka under at fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sikre løyvingar til kulturminnetiltak. Dersom ein ser situasjonen samla er det likevel trond for meir pengar enn det me har rådd over i interne budsjett.

Hordaland fylkeskommune søker kvart år Riksantikvaren om midlar til freda kulturminne.

Kultur- og idrettsavdelinga administrerer første del av prosessen og mottek søknadar frå eigarar av freda bygg og anlegg. På bakgrunn av søknadene som Kultur- og idrettsavdelinga mottek vert det utarbeidd ei liste over søknadene som vert oversendt til Riksantikvaren ved slutten av kvart år.

I februar/mars mottek fylkeskommunen eit tilsegnsbrev frå Riksantikvaren. I tilsegnsbrevet fremgår det kva som er øyremerkte midlar og kva som kan disponerast fritt innafor ei ramme.

Statlege mål og føringer

Nasjonale resultatmål for kulturminne skal mellom anna nåast gjennom ti bevaringsprogram: freda kulturminne i privat eige, samiske kulturminne, stavkyrkjene, verdsarven, tekniske og industrielle kulturminne, brannsikring av historiske trebygningar, fartøy, ruinar, bergkunst og utvalde arkeologiske kulturminne. Hordaland fylkeskommune har arbeidd målretta fram mot igangsetjing og gjennomføring av istandsettingsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Tilstandsregistrering er gjennomført og ein har eit godt oversyn over behova og vidare prioriteringar av prosjekt. Programmet skal vera avslutta innan 2020.

Tildeling for 2015

Tilskotsmidlar frå 71 skal primært nyttast til tiltak på freda bygningar og anlegg som er i privat eige, og som er prioritert av fylkeskommunen sjølv. Bygningar som skal få tilskot, må gjevast ein tilstandsgrad og leggjast inn i Askeladden. Offentleg eigde kulturminne og museumssamlingar er som hovudregel ikkje tilskotsverdige, unntaket gjeld museumsbygningar som er freda og som ikkje er flytta til museumsområdet, som tid dømes nokre av bygningane på Bymuseet i Bergen, Gamle Bergen Museum.

Tiltak i landskapet

Riksantikvaren har tidlegare øyremerk fleire tilskot til tiltak i landskapet. For 2015 vert det opp til Hordaland å fordele desse midlane, men Riksantikvaren seier samstundes i tildelingsbrevet at dei skal få tilnærma den summen dei fikk i 2014. Vi har i tildelinga foreslått å auke summen for Havråtunet frå kr 1.700.000,- i 2014 til kr 1.730.000,- i 2015. For Lyngheisenteret er det foreslått ei auke frå kr 550.000,- til kr 570.000,-. I tillegg vert det innstilt på å gje Munketrepene i Ullensvang og Buførevegen i Kvinnherad/Ullensvang midlar til tiltak i landskapet. Midlane til tiltak i landskapet vert samla kr 3.160.000. Dette utgjer ei andel på 26,5% av den samla tildelinga av midlane frå Riksantikvaren i 2016. (Førehandstilsegn for 2015 på kr 3mill, er teke med ved denne utrekninga.)

Tiltak	Søkjær	Løyving
Havrå, skjøtselstiltak	Museeumssenteret i Hordaland	1.730.000
Havråtunet, kisteveteiter	Geir Sunndal	200.000
Havråtunet, skjøtsel	Geir Sunndal	310.000
Lyngheisenteret	Museumssenteret I Hordaland	570.000

Buførevegen Jondal/Ullensvang	Interessefellesskapet Buføre-Pilegrimsvegen	200.000
Munketreppene Ullensvang, del av Nordmannsslepa	Munketreppenes vene, v/Harald Alvavoll, Opedal	150.000
		3.160.000

Post 73.

Når det gjeld post 73, tiltak til brannsikring, vil desse i 2015 vert fordelt av Riksantikvaren. Hordaland fylkeskommune har difor oversendt søknadene til Riksantikvaren.

Statlege retningsliner

Hordaland fylkeskommune mottok den 6. mars følgjande brev frå Riksantikvaren.

Kjære regionalledere,

Vi har nylig sendt ut tilskudd til fylkeskommunene til fredete hus/anlegg/områder (post 71).

Riksrevisjonen har i forbindelse med sin revisjon for 2014 av denne posten gitt oss nyttige innspill om dokumentasjon av tilskuddsforvaltningen.

Riksantikvaren vil derfor i løpet av neste uke tilskrive fylkeskommunene ved fylkesrådmannen med nye retningslinjer for bedre dokumentasjon av tilskudd. Vi ber dere derfor om å vente med å tildele tilskudd for 2015 før dere har mottatt våre nye retningslinjer som skal innarbeides i deres tilskuddsforvaltning.

Tilskuddsforvaltning vil også komme opp som tema på vår regionalledersamling i Sandefjord til våren.

Beste hilsen

Jørn Holme

Den 13. mars 2015 kom det nytt brev frå Riksantikvaren med spesifisering av retningslinjene for fylkeskommunane si handsaming av tilskotsordningane. Vi legg ved dei nye retningslinene, men kjem attende til dei endra retningslinene i eiga sak seinare. Likevel vil administrasjonen nytte høve til å peike på at det vert ei strengare kontroll med bruken av midlane. Det vert stilt fleire krav til fylkeskommunane både ved tildeling, utbetaling og oppfølging av bruken av midlane.

Regionale retningsliner

Regionale styresmakter har eit sjølvstendig ansvar for å løyve midlar til kulturminnetiltak. Dersom ein ser situasjonen i Hordaland samla er det likevel trøng for meir pengar enn det ein har rådd over i eigne budsjett i fylkeskommunen. Statlege midlar frå kapittel 1429 i statsbudsjettet har i mange år vore eit regionalt handlingsrom andsynes private eigarar av faste kulturminne i Hordaland og gjeve rammer for mange tiltak. Kultur- og idrettsavdelinga administrerer første del av prosessen. Søknaden vert så sendt til Riksantikvaren som frå 2015 fordeler midlane anten som rammeløyving til fordeling i fylkeskommunen eller til enkelttiltak. For 2015 har Riksantikvaren ikkje øyremerka midlar til enkelttiltak, men gjett føringar i høve til tildelingar til tilskot i landskapet.

Midlar til fordeling i 2014, post 71

Ordinær løyving 2015	8.000.000
Førehandstilsegn for 2016	3.000.000
Renter av inneståande midlar 2015	299.503
Udisponerte midlar post 72, 2010	200.000
<u>Udisponerte midlar post 72, 2012</u>	<u>400.000</u>
<u>Midlar til disposisjon</u>	<u>11.902.093</u>